

# Referat frå styremøte i Grendautvalet i Vats

## Onsdag 7. okt. 2009 på Vats skule Kl. 19.30

**Desse møtte: Åsmund Kalstveit, Severin Fatland, Ingunn Skosheim Ohm, Gro Karin Velde, Jon Olav Velde**

### **Sak 1. Kommuneplanen – del 2 – strandsona (100 metersbeltet)**

Grendautvalet gjekk gjennom kartet som syner kystsona med sjøareal og strandsoner der det er føreteke kystsonering i sommar.

På kartet er det lagt inn fargekodar langs kystlinja som syner kva bruksområde strandsona har i dag.

#### **Grendautvalet hadde desse merknadene:**

- a. Område for akvakultur burde avmerkast på kartet. Dette gjeld v/Sandvik og Kattrev.
- b. **Det bør utvidast med rødt på desse stadene:**
  1. Forlengelse av rødt sørover for Solvik (Her går det kloakkledning til)
  2. Samanhengande rødt nedanfor Skjervheim til utstikkarnes og til utfyllinga ved Hattelands fjellhall.
  3. Kva med inst i vika ved Hatteland sin barnehage?
  4. Det står eit naust på neset rett vest for Eikanesholmen – her bør det vera rødt.
  5. Det bør vera rødt sørover for Indrelandsvika v/Ole Johan Indreland slik at han kan få opp eit naust på sin eigedom.
  6. Rødt også nord for nausta på Steinaneset.
- c. Grendautvalet vil pesisera og prioritera dette med badeplassen nedanfor Skjervheimfeltet der det må planleggjast ein parkeringsplass og byggjast toalett.
- d. Raunesholmen eksisterer ikkje lenger og må ut av kartet.

Jon Olav tek kontakt med sakshandsamar Anne Sofie Sandvik og forklarar meir inngåande om endringane/kommentarane utvalet har gjort.

### **Sak 2. Vatsvassdraget.**

Både Åsmund Kalstveit og Jon Olav Velde har vore med Anders Hobæk i NIVA og teke vassprøvar i Landavatnet og i Vatsvatnet i tillegg til 6 elvar/bekker som renn ut i vatna. I dag var dei med på siste prøvetaking. Opplegget kostar 100 000 kr.

Når sluttrapporten føreligg frå NIVA, vil denne bli lagt ut på Vatsnett.com.

Etter dette bør Grendautvalet kalla saman Bondelaget og Grunneigarlaget m.fl. til orienteringsmøte og gå gjennom rapporten få til ein tiltakplan som må setjast i verk.

Grendautvalet kan også kalla saman til eit nytt folkemøte der NIVA legg fram årsrapport om miljøovervakingsprosjektet på Raunes hos AF Decom.

Dette drøftar Grendautvalet på neste møte.

### **Sak 3. Orienteringssaker:**

#### **1. Turstiprosjektet.**

Jon Olav orienterte om at arbeidet er i full gong. Merking og skilting av ulike stiar er under arbeid både i Nedre og Øvre Vats. Positive grunneigerar overalt.

#### **2. Sykkel- og gangstiar.**

Sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus er med i fylketstrafikksikringsplanen. Me må også få med sykkel- og gangsti frå Vats skule til Gjerdesdalen.

Dessutan veg frå Knapphus til Krakk og frå Aurdalsvegen til Eikeland.

Gatelysprosjektet i Øvre Vats går mot slutten. Nå lyser det flott frå Knapphus til Sjurseike. Det er lagt ned kabel og fundament til 15 lysmaster frå Sjurseike til Øvre Vats bedehus – her manglar berre mastene. Jon Olav arbeider med å få penger til desse mastene. Montering og heising av mastene blir gjort på dugnad..

#### **3. Aksjon ”Anonyme brev – ukultur” i Nedre Vats.**

Grendautvalet synes det var svært positivt at det vart sett i gong ein ”folkeaksjon” med underskriftsaksjon mot denne ukulturen som har utvikla seg etter anonyme brev med truslar og brev til Fylkesmannen m/kopi til mange store offentlege instansar der 4 private avfallsdeponi var avmerka på kart og beskrivelse av innhald og bilete - her vart fleire personar uthengde.

Brevet var underteikna ”Bygdefolk i Nedre Vats”

Grendautvalet reagerte også på desse anonyme breva. Grannar hadde ein stor artikkel der leiaren uttalte seg på vegne av Grendautvalet.

Det kom mange positive reaksjonar på denne artikkelen der Grendautvalet v/leiaren sa tydeleg frå om at slik ukultur var heilt uakseptabel.

#### **4. Andeler i Vindafjordhallen.**

Gro Karin Velde har hatt kontakt med leiaren i Vindafjordhallen, Irene Haraldseid som tilbød Grendautvalet andeler i hallen.

Dette blir teke opp på neste styremøte.

Øvre Vats 7/10 – 09

Jon Olav Velde  
-leiar/skrivar-